



Bilen vart ramponert under ulukka,(Foto: Arne Lindeflaten, Kvinnheringen)

To ungdomar var i bilen under ei trafikkulukke like over klokka 22 i Ljosneslia. Dei var på veg frå Dimmelsvik mot Uskedalen og på rettstrekinga skar bilen ut, hamna oppi ein skråning og gjekk rundt.

Politi, to ambulansar og branntroppen i Rosendal rykte ut og kunne konstatere at det gjekk rimeleg bra med dei to i ulukkesbilen.

- Dei hadde flaks, seier politibetjent Håkon Tørvik til Kvinnheringen i kveld.

Begge kom seg ut av bilen på eiga hand, og var berre lettare skada. Dei vart køyrt til Husnes for legesjekk.

Det føreligg ingen opplysningar om at det var spesielt glatt på ulukkesstaden, men det har vorte glatt i kveld og folk blir oppmoda om å køyra varsamt.

Lange køar danna seg på begge sider av ulukkesstaden og branntroppen måtte rydda vegbana for glass-skår.



Det gikk bra med dei to ungdommane i ulukkesbilen ved Ljosnes. (Foto: Geir Remme, Innsida)